



## Kontrollutvalet i Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2814 - 19/33776

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

16.11.2019

## Forvaltningsrevisjon Lindås kommune - Oppfølging

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune, etter bestilling frå kontrollutvalet i Lindås kommune i sak 04/19, 23.januar 2019. Sluttrapport frå Deloitte låg føre i august 2019, og blei presentert for kontrollutvalet i møte den 11.09.2019.

I dette møtet deltok også rådgjevar og kommunalsjef for oppvekst, som presenterte korleis skuleeigar vil følgje opp innhaldet i rapporten i det vidare arbeidet fram mot etablering av Alver kommune. I korte trekk vil eg skissere kva som vart presentert frå vår side i møtet:

- Alver kommune har ferdigstilt retningsline for trygt og godt skulemiljø
- Vi er i prosess med utarbeiding av rutinar for handlingsplikta og skjerpa aktivitetsplikt Alver
- Det skal utarbeidast skjema for varsling
- Det er starta ein prosess i rektorgruppa i høve til felles praksis og involvering av elevar, foreldre, SU og SMUL
- Det er sett i verk eit arbeid i høve systematisk analyse av risiko og sårbarheit knytt til skulemiljø
- Systemtiltaka blir lagt i kommunen sitt kvalitetssystem KF-kvalitet og operasjonalisert gjennom arbeidsgrupper, drøftingar og leiaropplæring frå skuleeigar si side. Dette skal danne grunnlag for prosessar på dei einiskilde skule

Det har vore jobba mykje med rutinar for Alver kommune i perioden frå byrjinga av september og fram til i dag, og eg vil i fortsetjinga presentere kva som er gjort i høve til å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø i Alver kommune:

- Utarbeidd retningsline for skulemiljø (denne inkluderer rammer for innhald/arbeid i skulemiljøutval
- Utarbeidd prosedyre for arbeidet med skulemiljø
- Utarbeidd rutine for arbeidet med å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø
- Utarbeidd skjema for varsling etter opplæringslova kap. 9A
- Utarbeidd skjema for varsling etter opplæringslova kap. 9A-5 dersom vaksne krenkjer elevar
- Utarbeidd skjema for varsling til skuleeigar, i alvorlege saker eller der ein vaksen, rektor/ein i leiinga er involvert i krenkingar
- Utarbeidd skjema for konklusjon etter undersøking av sak, knytt til opplæringslova kap. 9A-5
- Utarbeidd mal for årleg rapport frå rektor, skulemiljø

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Jobba med temaet i nettverk for nye rektorar i Alver kommune, for å sikre god opplæring og forståing for ansvaret
- Utarbeidd ny mal for aktivitetsplan
- Starta ein prosess i høve til å få ein felles mal for dokumentasjon av kva skulen og den einskilde kontaktlærar har gjort for å følgje opp dei fem delpliktene, både på skulenivå og klassenivå. Her har vi særleg fokus på den første delplikta, Å følgje med
- Arrangert ein kursdag i regi av Fylkesmannen i høve til kravet til skulane knytt til det å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø
- Har utarbeidd framlegg til kvalitetssystem for å følgje opp skulane, i samsvar med § 13-10 i opplæringslova, skuleeigar sitt krav til eit forsvarleg system
- Etablert årshjul for skuleeigar, oppfølging av skulane sitt arbeid med kap. 9A i opplæringslova

Onsdag 20.11.19 er det rektormøte for Alver kommune. I dette møtet er det sett av tid til å arbeide med retningsline, rutinar, skjema som er utarbeidd, slik at vi kan få innspel om forbetringar frå rektorane før malane blir endeleg ferdigstilt. Arbeidet med rutinar, malar og skjema blir slutført frå skuleeigar si side i løpet av november. Målsetjinga har heile tida vore at dette skulle vere på plass før vi blir Alver kommune. Mykje av innhaldet i dokumenta som no er utarbeidd for Alver kommune byggjer på dei dokumenta som Lindås presenterte for Deloitte i samband med revisjonen.

I tida framover vil vi arbeide for å sikre felles forståing og kunnskapsgrunnlag knytt til oppfølging av elevane sine rettar etter opplæringslova kap. 9A, og vil vil gjennomføre prosessar både i skuleleiarmøta, i nettverk for nyttilsette rektorar og individuelt med den einskilde skule.

Kvalitetssystem for oppfølging av skulane skal opp som sak i skuleleiarmøte den 11. desember. Vi vil også arbeide med kommunalt, ordensreglement for skulane i Alver, definere reglar for mobilbruk i skulen samt det lokale arbeidet i skulane knytt til interne rutinar for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Til dette ligg også rutine for infomasjon om aktivitetsplikta for yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen.

Målsetjinga vår er å utvikle mest mogleg felles praksis i dette arbeidet.

Vonar dette var tilstrekkeleg informasjon til kontrollutvalet i Lindås. Eg vil nytte høve til å takke for engesjment og samarbeid kring denne svært så viktige saka.

Ta gjerne kontakt med meg dersom de ønskjer å sjå nokre av dokumenta som er utarbeidd.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kontrollutvalet i Lindås